

Hjelmåsen as v/ Geir Styve Hjelmåsen 37, 5915 Hjelmås
Apalen Sør as v/ Magnar Tangen, Burkhovdane 1, 5915 Hjelmås

Lindås kommune , Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

28.01.2016

15/4182 Innspel til trafikksikringsplan 2016, strekninga Hjelmås Kapell – kryss i Hillesvåg.

Vi viser til annonsert ynskje om innspel til trafikksikringsplanen.

Bakgrunn og trafikksikringskrav

Politikarane i Lindås har tidlegare vurdert trafikksituasjonen på denne strekninga dit hen at dei fann det naudsynt å gje eit rekkefylgjekrav for utbyggjarane i området, vedrørende gang- og sykkelsti langs fylkesvegen.

Kostnader, og utbyggjarane sin situasjon


Det er 2 små utbyggjarar i det aktuelle området. Desse er Hjelmåsen as og Apalen Sør as. Utbyggjarane har i brev til Lindås kommune den 17.01.2016 gjort greie for situasjonen, og bede om eit møte vedrørende saka. Dette skal haldast 1 februar. Situasjonen er den at rekkefølgekravet er så kostbart å gjennomføre (storleiksorden 200.000 pr bueing) at utbyggjarane må vurdere om dei skal «kaste korta», eller å gjere det som vi som vi prøver på no i det framsendte brevet: - *Å få politikarane i Lindås kommune med på alternative løysingar.* Vi skyt for orden skuld inn at så dyre rekkefølgekrav ikkje kan løysast av eventuelt stor utbyggjarar heller. Grunnen er at det er heilt usannsynleg å få dekning for beløpet i marknadsprisen på bueingane

Sjansen for å få til trafikksikring på strekninga er gunstig no.


- Utbyggjarane er i posisjon, og vil bidra. Dei kan likevel ikkje makte heile kostnaden med «full pakke», og må difor vurdere å avgrense utbyggingane sine utan at rekkefylgjekravet vert gjennomført (Vi kan byggje i alt 2 x 8 bueinigar før så skjer)
- Lindås kommune har no sjansen til å få gjort trafikksikringstiltak på denne strekkja i samarbeid med utbyggjarane. Denne sjansen kan forsvinne, dersom situasjonen til ein eller begge av utbyggane endrar seg.

Risiko for at det ikkje vert trafikksikring i det heile tatt

Lindås Kommune må no passe på at ikkje eit krav om «100%- løysing» av trafikksikring gjer at ein endar opp med ei «0%-løysing» i praksis. **Difor er det viktig at denne strekkja vert prioritert svært høgt på lista, og at Lindås kommune i tillegg kjem utbyggjarane i møte med alternative løysingar.**


Hjelmåsen as

Geire Styve, Styreleiar


Apalen Sør as

Magnar Tangen, Styreleiar